



Luster Kommune



Forvaltningsplan for Solvorn

Vedteken av kommunestyret i møte 23.05.2013,
K-sak 36/13

INNHALD FORVALTNINGSPLAN FOR SOLVORN

PLANGRUNNLAG

1. SOLVORN – KORT HISTORIKK
2. GRUNNLAG FOR PLANARBEIDET
 - 2.1. Bakgrunn for forvaltningsplanen
 - 2.2. Målsetjing med forvaltningsplan for Solvorn
 - 2.3. Politisk styringsreiskap
 - 2.4. Organisering av arbeidet
 - 2.5. Fagrappport og prosess
3. FØRESETNADER FOR AREALDISPONERING I SOLVORN
 - 3.1. Vedteken kommuneplan, generell del og arealdelen
 - 3.2. Overordna føringar
 - 3.3. Gjeldande reguleringsplan for Solvorn
 - 3.3.1. Område regulert til spesialområde
 - 3.3.2. Område som er verna i medhald av kulturminnelova
 - 3.4. Nye reguleringsplanar
4. KONKRETE UTFORDRINGAR
 - 4.1. Sentrale utfordringar i Solvorn
 - 4.2. Utemiljø
 - 4.3. Trafikk, parkering og ferdsel
 - 4.4. Støy og visuell ureining
 - 4.5. Aktivitet på fjorden og i strondi
 - 4.6. Landbruk og hagebruk
 - 4.7. Brannsikring
 - 4.8. Reguleringsplan - endring
 - 4.9. Tilhøvet til verdsarvstaden Urnes stavkyrkje
 - 4.10. Informasjon og fagleg rådgjeving
 - 4.11. Økonomi og ansvar

VEDLEGG

1. Sakshandsamingsprosedyre for gjennomføring av tiltak i Solvorn
2. Handlingsplan
3. Tilskotsordningar
4. Kart: Bygningar og vegar 2010
5. Føresegner til reguleringsplan for Solvorn
6. Fagrappport: Forvaltningsplan for Solvorn

PLANDOKUMENT

KAP I MÅLSETJINGAR

KAP II RETNINGSLINJER PRAKTISK BYGNINGSVERN

KAP III FAGRÅDET FOR SOLVORN

- 1.1 Mynde
- 1.2 Oppgåver.
- 1.3 Organisering

Kap IV RETNINGSLINER FOR SAKSHANDSAMING AV TILTAK

- 1.1 Generelt for sakshandsaminga
- 1.2 Fagmyndigheit for kulturminnevernet
- 1.3 Dispensasjonar
- 4.4. Inndeling av byggesakene (kalla "tiltak")
- 4.5. Tiltakshavar
- 4.6. Søknadsprosedyre
 - 4.6.1. Kontakt med Luster kommune
 - 4.6.2. Førehandskonferanse
 - 4.6.3. Søknad
 - 4.6.4. Dokumentasjon av tiltaket
 - 4.6.5. Estetisk / antikvarisk utforming
 - 4.6.6. Krav til bruk av arkitekt
 - 4.6.7. Krav til handverkar
 - 4.6.8. Sakshandsamingsfristar. Pbl §§ 21-7og 21-8 og Byggesaksforskrifta kap.7.
 - 4.6.9. Klage på vedtak
 - 4.6.10. Sluttkontroll (jfr Pbl §21-10)
 - 4.6.11. Ferdigsynfaring og kontroll
 - 4.6.12. Retting av tiltak

KAP V RETNINGSLINJER TRAFIKK OG FERDSEL

Kap VI OPPFYLGJANDE TILTAK I OMRÅDET

- 1.1 Informasjon
- 1.2 Uthus og bygningsvern
- 1.3 Arkiv og dokumentasjon
- 1.4 Formidling og informasjon
- 1.5 Utemiljø
- 1.6 Landbruk og hagebruk
- 1.7 Utviklingsoppgåver
- 1.8 Tilskot:
- 1.9 Reguleringsplan – endring
- 1.10 Kommuneplanen sin arealdel
- 1.11 Brannsikring
- 1.12 Trafikkanalyse

PLANGRUNNLAG

1. SOLVORN - KORT HISTORIKK

Solvorn er særskild verdifull som historieforteljande døme på tidleg tettstadutvikling. Både arkitektonisk og strukturelt syner staden på ein instruktiv måte korleis utviklinga av denne type busetnad tok til. Til skilnad frå dei fleste liknande tettstader på Vestlandet stogga denne vidare framveksten opp.

Det verdifulle med tettstadstrukturen i Solvorn er at den ikkje berre er karakteristisk for indre Sogn. Dette er langt på veg ei allmenn utvikling av tettstader. Dei fleste byane i mellomalderen vart til på grunnlag av små tettsader. Dei som låg ved sjøen hadde ein struktur som langt på veg minna om Solvorn. Ei sjøhus-rekkje med bolverksbryggjer ut mot sjøen, bak desse eit mylder av ulike bygningar, men med ein parallell-stilt hovudstruktur ned mot sjøen, og bakerst eit gateløp parallelt med strandkanten.

I byane har alle spor etter slike tidlege strandstadstrukturar forsvunne for lang tid sidan, men dette er korleis arkeologane tenkjer seg at til dømes tettstaden i Bjørgvin såg ut før bydanninga. Det same er tilfelle i mange andre mellomalderbyar. Bygningane er mykje yngre, men den opphavlege tettstadstrukturen som allment element, er truleg minst like gamal som stavkyrkjekonstruksjonen.

Frå gammalt var det allmenning nede ved strondi. Truleg var den avgrensa i sør og nord av dei to grøvene som kjem ned til sjøen, og mot vest like over den noverande vegen. Dei fleste som slo seg ned som strandsitjarar sette opp hus her nede. Det var små, enkle husvære med to eller tre rom. Dei var av same type som bustadhusa på gardane, men mykje mindre. Mange hadde òg eit lite stabbur og små uthus med rom for nokre husdyr og litt fôr. Strukturen på busetnaden vart i stor grad styrt av den opphavlege naustrekka.

Strandsitjarane slo seg ned bak denne, men eigedomane vart ofte liggjande parallelt med retning ned mot sjøen. Kor tett det var høve til å byggja veit vi ikkje, men frå Vikøyri er kjent ein regel om at avstanden minst måtte være eit hammarslag. Noko liknande kan ha vore tilfelle i Solvorn. Sjølv om det var trøngt

mellom husa, var det likevel eit viktig prinsipp om allmenn ferdsle langs geiljar og gangstier m.a. for å sikra lett tilkomst til sjøen. Typisk nok budde gjestgjevaren, handelsmennene, presten og seinare sorenskrivaren i utkanten av strandstaden.

Det har i mange samanhengar vorte framheva at strandsitjarane var dei som var dårlegast stilt innafor husmannsvesenet. I seinare tid har dette vorte meir nyansert. Det som særmerkte denne folkegruppa var at dei som oftast var husmenn utan jord. Dei livberga seg t.d. frå arbeid som dagleigarar på nærliggjande gardar, fiske, handverk og handarbeid. I liten grad betalte dei noko form for leigeavgift for plassen dei budde på. Sjølv om dei ikkje hadde jord kunne dei ha eit par sauer og ei geit. Høy fekk dei ved å slå t.d. i skorter og utmark. Kjernen i livberginga deira var difor ein kombinasjon av fleire næringsvegar. Slik kan det også ha vore i Solvorn.

Solvorn si rolle som kommunikasjonsknutepunkt vart stadig viktigare, og dette førte til auka press på byggjegrund. I sær var kontakt til sjøen naudsynt, og difor byrja ein å byggja rekkjer av sjøhus på bolverk utover i sjøen, med bolverksbryggja ytterst. Sjøhusa hadde ein meir allsidig funksjon enn dei gamle nausta. Eit prov på strandstaden sin aukande status er at Sorenskrivarembudet for indre Sogn vart flytta hit i 1813. Bygningen Christianeslyst vart reist i åra før 1822.

I 1846 fekk Solvorn eige postkontor. Ein allmenn folkeauke på 1800-talet i Sogn gjorde òg sitt til at busetnaden i Solvorn auka. Frå omlag 1850 skjer det ei gradvis utskifting/ombygging av dei gamle stovene til hus av "midtpipetypen".

Solvorn hadde si "stordomstid" i andre halvdel av 1800-talet. Dette hang saman med liberaliseringa av handelsprivilegia som gjorde det lettare å utvikla ulik næringsverksemd, og det hadde samanheng med framvoksteren av dampskipstrafikken. Fylkesbaatane si dampskipsrute hadde fast stogg i Solvorn frå 1858, og i 1878 kom det dampskipskai framfor gjestgjevarstaden. Vegen opp til Galden vart utbetra og lagd om. Mot slutten av 1800-talet og ut på 1900-talet kom det eit nytt belte av bustadbygging bak sjølve strandsitjarmiljøet.

Forvaltningsplan for Solvorn

Dette var frittliggjande einebustader, gjerne i sveitserstil. Folketalet i Solvorn nådde ein topp på denne tida på nesten 400 fastbuande.

Ein særskild bygningstype frå denne tida er tobakkshusa. Mange Lustringar utvandra til Amerika, men fleire kom òg attende. Nokre hadde hatt arbeid på tobakks-farmane i midt-vesten, andre i tobakks-industrien og etter heimkomsten tok dei til med tobakksdyrking. For å turka tobakken vart det sett opp eigne bygningar. Det kom opp fleire slike tobakkshus i Solvorn.

Seinare tids utviklingstrekk

Utviklingstrekk etter krigen gjekk i retning av at aktiviteten i området gjekk gradvis ned. Store endringar kom då ferja til Årdal slutta å gå. Butikkar vart lagd ned og etter kvart også postkontoret.

Den nye utviklingsretninga kom i form av Solvorn som turist og feriemål. Delvis i form av eigenverdien gjennom det autentiske bygningsmiljøet, delvis som badeplass og som inngangsportal til Verdsarven Urnes stavkyrkje.

- Kommunal opprusting av kaiområdet i 1999
- Nye parkeringsplassar 20..
- Utviding av badestranda 1999
- Ny butikk og kafe 2000.
- Opprusting av Vetlekaien 2005

I ljøs av dette har mange av bustadhusa i området gradvis gått over til å verta feriehus. Mange av dei er for små til familiehusvære. Ein ser likevel at interessa for vedlikehald hjå eigarane er stor anten det er heilårs eller fritidshus.

Viktige antikvariske verdar

- Naustrekkja mot sjøen med bolverksfundament, sjøhus og bryggje.
- Einaste strandsitjarstaden i indre Sogn som framleis har sin opphavlege kontakt med fjorden.
- Geiler og gangstiar som er opne for fri ferdsel på kryss og tvers i strandsona.
- Solvorn har framleis dei allmenne strukturane for bydanning i mellomalderen i autentisk stand.
- Veitar og grøver med vatn som renn mellom husa med sine gamle

vaskeplassar.

- Strandsitjarplassar med fjøs, stove, stabbur og uthus i eit opphavleg miljø.
- Sosial spennvidde mellom sorenskrivargarden på den eine sida, hotellet på den andre sida og strandsitjarmiljøet i midten, og det grønne beltet mellom strandsitjarmiljøet og den spreidde busetnaden bakom i sveitserstil.

Døme på opplevingsverdi i Solvorn

- Heilskapen i den opphavlege busetnaden med tydelege og ulike bygningssoner.
- Samspelet mellom bygningsmiljø, fjellsidene rundt og fjorden.
- Landskapsrommet i Solvornbukti med autentisk strandsone, busetnadstruktur og kulturlandskap sett frå sjøen
- Kulturlandskap i aktiv drift

2. GRUNNLAG FOR PLAN-ARBEIDET

2.1 Bakgrunn for forvaltningsplanen

Reguleringsplan for Solvorn vart vedteken i Luster kommunestyre 31.05.1995 (sist endra august 2001). Alt då vart det peika på behovet for at planen burde følgjast opp med meir detaljerte retningslinjer for tiltak i området. Utgangspunktet jfr reguleringsplanen er at alle nye tiltak i verneområdet er søknadspliktige. Likeeins kan det heller ikkje gjerast endringar på eksisterande anlegg utan særskild løyve frå kommunen.

Forvaltningsplanen omfattar eit sett retningslinjer for kommunen si handsaming av tiltak i reguleringsplanområdet. Målet med desse retningslinjene er også å gjera det greiare for korleis tiltakshavar skal gå fram når det gjeld tiltak på den einskilde eigedom.

2.2 Målsetjing med forvaltningsplan for Solvorn

Målsetjinga med forvaltningsplanen er å gje huseigarar og andre rettshavarar i området meir føreseielege rammer for gjennomføring av både små og store tiltak i planområdet.

Forvaltningsplanen har som mål å klargjera innhaldet som er fastsett i reguleringsplanen

og korleis dette skal fylgjast opp i sakshandsaminga. Planen skal også vera retningsgjevande for kommunen si prioritering av bygningsvernsaker innfor området.

2.3 Politisk styringsreiskap

Planen er ikkje juridisk bindande men er kommunestyret sitt råd og føringar til administrasjonen og politiske utval ved forvaltning og handsaming av einskildsaker innafor reguleringsplanområdet.

2.4 Organisering av arbeidet

Arbeidet har vore leia av ei arbeidsgruppe med denne samansetjinga:

Luster kommune: Erling Bjørnetun, leiar
Arne Lerum
Torunn Løne Vinje
(til november 2010)

Solvorn bygdelag: Arne Kvalen

Plannemnd: Formannskapet

2.5 Fagrappport og prosess

Firmaet *"Snektermester & Fjellbonde Geirr Vetti"* har vore engasjert til å utarbeida ein fagrappport som grunnlag for forvaltningsplanen. Arbeidet har vore finansiert med midlar frå Riksantikvaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Luster kommune.

Fagrappporten (sjå vedlegg) er det faglege grunnlaget for sjølve forvaltningsplanen og vidare oppfølging av både byggesaker og andre oppfølgjande tiltak både innafor reguleringsplanområdet og i tilgrensande område.

Oppstartsmøte der alle rettshavarar innafor reguleringsplanområdet var invitert, vart halde 22.05 2009. Solvorn bygdelag sin representant i arbeidsgruppa har vore kalla inn og delteke på alle møte / synfaringar.

Lærdal kommune sin forvaltningsplan for Gamle Lærdalsøyri har vore brukt som utgangspunkt og gjeve viktige bidrag for arbeidet i Luster kommune.

Lærdalsøyri er eit område som i dag står fram med stor detaljrikdom som er ivareteke i bygningsvernet. Dette har ein lukkast med gjennom aktiv og god fagleg rådgjeving m.a. frå arkitekt, over fleire tiår.

3. FØRESETNADER FOR AREALDISPONERING I SOLVORN

3.1 Vedteken kommuneplan, generell del og arealdelen

Luster har vedteken arealdel til kommuneplanen frå 2008. Med bakgrunn i framlegg om utlegging av nye byggeområde i bygda var det her bestemt at det skal utarbeidast ein stadanalyse som grunnlag for framtidige utbyggingsløyser i Solvorn. Stadanalysen skal også vurdere behovet for endring av reguleringsplanen i verneområdet.

Stadanalyse for Solvorn

Solvorn framstår i dag som ei av dei mest idylliske fjordbygdene på Vestlandet. Særpreget er det gamle strandsitjarmiljøet med gjestgivargarden Walaker, sorenskrivargarden Christianeslyst og eit ope jordbrukslandskap som sentrale element. Solvorn er også "inngangsportal" til verdsarvminnet Urnes stavkyrkje. Solvorn må i reiselivssamanheng sjåast på som ein ressurs for Luster kommune og forvaltast ut frå dette i eit langsiktig perspektiv. Planlegging av nye bustadfelt bør difor skje med utgangspunkt i ein stadanalyse der det vert vurdert framtidige utbyggingsløyser. Stadanalysen bør også avdekke om ein treng å ta opp att reguleringsplanen for Solvorn sentrum for å finna nye løyser.

Planleggingsprogrammet

Forvaltningsplanen er heimla i planleggingsprogrammet 2010 – 2013. Oppstart av arbeidet var i 2006, og ferdigstilling skal vera i 2011.

3.2 Overordna føringar

Solvorn er inngangsportalen til verdsarven Urnes stavkyrkje og ut i frå dette ein viktig ressurs i reiselivsnæringa i Luster. Forvaltningsplan for Urnes stavkyrkje som er initiert av UNESCO og leia av Sogn og Fjordane

Forvaltningsplan for Solvorn

fylkeskommune starta opp i 2007. Det er utarbeidd ein fagrapport som fylkeskommunen legg til grunn for si forvaltning av området inntil den endelege planen er vedteken.

Ei bufferzone, som er definert i rapporten, har som mål å gje verdsarven eit ekstra vern. Dette inkluderer nærmiljøet, viktig utsikt og andre areal eller eigenskapar som er funksjonelt viktige for stavkyrkja og området kring og bevaring av det. I fagrapporten for Urnes stavkyrkje er det framlegg om at bufferzona skal gjelda landskapsrommet som stavkyrkja ligg i, og dette omfattar Solvorn. Luster kommune legg m.a. med bakgrunn i dette at sikring av kulturminneverdiane i Solvorn også er eit regionalt og nasjonalt ansvar.

3.3 Gjeldande reguleringsplan for Solvorn

Gjennom reguleringsplanen er det fastsett reglar som inneber at alle anlegg i utgangspunktet er verna og at det må søkjast om løyve til tiltak som medfører endringar av landskapet sin art eller karakter. Reguleringsplanen omfattar ikkje den innvendige delen av bygningane. Dette kan berre styrast gjennom kulturminnelova og ei evt freding.

Viktige føringar i reguleringsplanen:

Reguleringsføresegner Solvorn – (utdrag)

§9 SPESIALOMRÅDE BYGNINGS- OG LANDSKAPSVERN SONE 1 – 4

A) FELLESFØRESEGNER

9.1. Innanfor spesialområda bygnings- og landskapsvern kan det ikkje utan særleg løyve frå kommunen i samråd med kultursjefen og fylkeskultursjefen setjast i verk tiltak eller bruksendring som kan endra landskapet sin art eller karakter. Dette gjeld alle former for bygging, anlegg eller utviding av vegar, parkeringsanlegg, stiar, oppsetting av gjerde, lys, reklameskilt, endring av markdekke, grøftings- og gravearbeid, bakkeplanering, bekkelukking, vegetasjonsrydding, uttak av massar, eller andre landskapsinngrep.

9.2. Alle eksisterande anlegg er i utgangspunktet verna. Før eit anlegg kan

takast vekk skal det innhentast særleg løyve frå kommunen. Som anlegg reknast alle bygg, alle eksisterande brygger, gjerde, steingardar, murar o.l. og alle spor etter tidlegare bruk av området som t.d. steinsetting utover i sjøen, gamle båtopptrekk, steinsetting i grøfter o.s.b. Opplistinga er ikkje fullstendig.

3.3.1 Område regulert til spesialområde

Planområdet omfattar i store trekk denne arealbindinga.

Reguleringsplanen har som føremål å verna landskapet og bygningsmiljøet i Solvorn. Planen har i alt 4 område regulert til spesialområde Bygnings- og landskapsvern (BLV):

BLV 1: Strandsitjarbusetnaden. Utanom småhusområdet omfattar området gjestgjevargarden gbnr 177/11 og storekaien med bygning

BLV 2: Sorenskrivargarden Christianeslyst (freda jfr kulturminnelova)

BLV 3: Sveitserhus-busetnaden langs Vetlevegen

BLV 4: Området frå Storekaien til Neset. Badeplassen og turveg er regulert i kombinasjon med friområde.

Andre reguleringsføresmål
Reguleringsplanen omfattar elles desse føremåla:

Byggeområde:	bustader og service
Landbruk:	landbruk
Trafikkområde:	offentlege køyrevegar, gangveg/sti, parkering/manøvre

3.3.2 Område som er verna i medhald av kulturminnelova

I det aktuelle området er eigedomen Christianeslyst freda i medhald av kulturminnelova.

Christianeslyst som stod ferdig i 1819, var sorenskrivargard for Indre Sogn fram til 1965. Hovudbygningen er ein tohøgda lafta bygning

kledd med liggande panel og med valma gavlspissar. I tillegg til hovudbygningen er vedskåle, uthus, naust, fjøs, stabbur, lysthus og badehus freda.

3.4 Nye reguleringsplanar

Kommunestyret vedtok i 2009 reguleringsplan for nytt bustadfelt i Borhaug med i alt 15 tomter. Det er lagt til grunn at opparbeiding av området startar opp i 2011. Reguleringsplanen omfattar også ei oppgradering av Gamlevegen. Utover dette føreligg det ingen planar om nye/ eller endring av reguleringsplanar.

4. KONKRETE UTFORDRINGAR

4.1 Sentrale utfordringar i Solvorn

Utfordringane kan seiast å vera på tre nivå:

Heilskapleg nivå

- Oppretthalda eit landskap utan store og skjemmande inngrep
- Aukande trafikk – både til bygda og over til Ornes
- Press mot strandsona i form av aktivitet og nye tiltak

Kulturlandskap og utemiljø

- Attgroing
- Privatisering av felles uterom
- Fortetting i eit ope landskapsrom

Strandsitjarmiljøet

- Auka krav til bu-standard
- Omdisponering av bustadhus til feriehus
- Stimulering til auka heilårsbusetnad
- Vantande vedlikehald – spesielt av uthus

Ei vellukka utvikling i Solvorn er avhengig av at kvalitetane knytt til bygningsmiljø og kulturlandskap vert tekne vare på. Sjølv om dette i nokre høve vil handla om restriksjonar, så kan det også opna opp for nye muligheiter. Det er mange døme både her til lands og utanlands at satsing på kulturminne og kulturarv kan gje positive ringverknader gjennom kulturbasert næringsutvikling knytt til reiseliv, kunst og handverksverksemd m.m.

Solvorn har ulike utfordringar når det gjeld å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane og styrking av busetnad i verneområdet. Alle tiltak

i Solvorn må ha ei langsiktig og heilskapleg målsetjing. Busetnad og kulturlandskap har ein karakteristisk struktur som det er viktig å ta vare på. Det som av mange vert oppfatta som ein idyll er i røynda sett saman av eit mangfald av kvalitetar som grip inn i kvarandre. Vert for mange av desse kvalitetane svekka, kan det fort få fatale fylgjer for heilskapen. Det bør difor leggjast vekt på å auka kunnskapen og stimulera interessa for å ta vare på dei mange verdiane i bygda.

4.2 Utemiljø

Solvorn sin verdi ligg i eit mangfald av kvalitetar som grip inn i kvarandre. Mindre innretningar som fungerer som "tillegg" til bygningane er nokre av desse kvalitetane som det gjeld å vera medviten er t.d.:

- Ljossetjing – leidningsnett
- Skilting (offentleg og privat)
- Fargesetjing av bygningar
- Inngjerding
- Utemøblering (markiser, leveggar, plattingar/terrassar, antenner, grillhytter, større installasjonar m.m.)
- Plantar – vegetasjon
- Veiter

4.3 Trafikk, parkering og ferdsel

Solvorn har i periodar store utfordringar når det gjeld trafikk og parkering i sentrum. Dette kan i hovudsak knytast til desse gruppene:

- Besøkjande til Ornes stavkyrkje
- Badegjester i Solvorn
- Turistar som vitjar Solvorn

Aukande aktivitet og merksemd mot aksen Solvorn – Ornes – Skjolden i åra framover vil også føra til auka trafikk. Spesielt er den ålmenne interessa og fokuset på UNESCO sine verdsarvområde i Noreg er sterkt aukande. Utfordringa vert handtering av auka trafikk i framtida. Erfaringar viser at løysinga på slike utfordringar ikkje er stadig utviding av parkeringsarealet.

Etter opparbeidinga av parkeringsplassen på kaien har det vore noko usikkerheit knytt til biloppstillinga for bilistar som skal med ferja. Dette grunna at oppstillinga er organisert utradisjonelt. Skal ei slik løysing fungera må dette fylgjast opp med god informasjon og

skilting. Dette er ikkje gjort.

Ei utfordring i parkeringa og trafikken bør vera å finna små og fleksible løysingar slik at ein unngår å etablere store parkeringsflater tett inn mot strandsitjarmiljøet. Alternative løysingar kan vera mindre parkeringsplassar lenger oppe i bygda i kombinasjon med at folk anten går ned i bygda eller får tilbod om organisert transport til kaien. Dette må igjen fylgjast opp med god informasjon / skilting både på Fv 55 og vegen ned til Solvorn.

Ferjekaien skal jfr reguleringsplanen gje prioritet til at bussar skal kunna køyra rundt (utan rygging). Dernest skal kaien vera biloppstilling for bilar som skal med ferja. Deretter skal den fungera som offentleg parkeringsplass med tidsavgrensing.

Vegar

Innafor planområdet finst det fleire vegnivå (jfr kart) med ulik eigarskap og ansvar for vedlikehald. Det skal leggjast vekt på at dei ulike lokale vegar, turstiar og geiler vert teke vare på og nytta i ein overordna strategi for å løysa trafikkutfordringar.

Fylkesveg

Fylkesvegen strekkjer seg fram til ferjekaien og ned til Vetlekaien.

Ansvarleg for vedlikehald / brøyting er Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kommunale vegar

Det er fleire mindre strekningar med kommunale vegar i området.

- Strekninga frå Vetlevegen – forbi Vigdalshaugen (eigd av Statens Vegv.)
- Gamlevegen (eigd av Statens Vegv.)
- Veggen frå Gata – via Christianeslyst og retning Habn (privat grunn)
- Vetlevegen (privat grunn)

Ansvarleg for vedlikehald brøyting er Luster kommune.

I tillegg er vegstrekninga frå ferjekaien gjennom badestrandi og fram til nausta kommunal eigedom.

Skuleveg

Vegstrekninga frå kaien - Vetlevegen via Vigdalshaugen - Løteigane er definert som skuleveg. Luster kommune har ansvar for

vintervedlikehald av skulevegar som brøyting og strøing.

Private vegar

Private vegar er anten vegar innafor einskilde eigedomar eller felles vegar til ålmenn bruk. Private vegar skal brøytast og haldast vedlike av dei som har rettsleg interesse /eigarrettar knytt til vegen.

Geiler

I området nedafor Gata er det eit nettverk av geiler. Dette er tradisjonelt ein smal veg som har gått frå gardstun til utmark og det er ålmenn rett til bruk av geila. Den juridiske retten er opparbeidd gjennom lang tids bruk og kan berre avviklast gjennom rettsleg avgjerd.

Turstiar

I Solvorn er det rydda, merka og skilta eit nett av turstiar i regi av Solvorn Bygdelag. Fleire av desse har utløp frå vegar innafor planområdet og er kopla til køyrevegane. Turvegane er ofte lagt til gamle ferdsselsvegar.

Gang-/ turvegar

I kombinasjon med parkering i øvre delar av bygda må offentlege vegar og private vegar til ålmenn bruk også skiltast som turveg. Dette er viktig for å skilja motortrafikk og gåande.

Ålmenn ferdsel

For ferdsel i strandsona gjeld allemannsretten. I medhald av friluftsløva kan det krevjast fjerning av forbodsskilt og stengsel som hindrar ålmenta sin ferdsel i strandsona.

4.4 Støy og visuell ureining

Reguleringsplanen peikar på at "Solvorn er i tillegg verneverdig som ein idyll med god balanse mellom menneskeverk og natur, ein vakker plass som åndar fred og harmoni." Auke av motorisert trafikk / ferdsel i ulike former kan etter kvart skipla denne balansen. Dette gjeld t.d. stor biltrafikk og hurtiggåande båt-trafikk på fjorden.

Det andre er visuell ureining. Større eller mindre element som isolert ikkje har betydning, men for mange av desse "elementa" som skil seg ut gjer at det oppstår ei visuell ureining. Dette er igjen med å skipla balansen i området som det må leggjast vekt på å oppretthalda. Dette kan t.d. vera skilt, luftleidningar.

4.5 Aktivitet på fjorden og i strondi

Finværsdagar om sumaren er det stor tilstrøyming av badegjester til bygda frå heile indre Sogn. Båtaktiviteten i området har også auka. Seinare år har det vorte sett ut bøyer for å skjerma badeområdet mot båttrafikken. Grunna at reguleringsplanen ikkje omfattar badeområde i sjø, er heimelsgrunnlaget til å regulera båttrafikken i området mangelfull. Bruk av båt og badeplassar er samanfallande og såleis vil trafikken vera størst på dagar med mykje aktivitet på badestranda.

Auka bruk av bil gjennom badeplassen kan verta ei utfordring. Det skjer også ei aukande privatisering i strondi ved at naust vert meir nytta til opphald, og etablering av flytebrygger.

Lokalt vert det etterspurd ei småbåthamn i Solvorn. Etablering av eit slikt anlegg er ei utfordring m.o.t. arealbehovet og tilkomst til anlegget. Lokalisering av småbåthamn i Solvorn må vurderast ut frå fleire faktorar:

- Tilkomst: det må vera tilkomstveg fram til småbåthamna
- Landareal: Areal til båtløft, rampe og slipp parkering
- Botnforhold: djupne
- Teknisk infrastruktur: vatn/avløp, straum,
- Universell tilgang: Småbåthamn må planleggast og dimensjonert for personar med funksjonshemming. Dette inneber m.a. krav om vegtilkomst og parkering.
- Vær og vindretningar

4.6 Landbruk og hagebruk

Landskapet i Solvorn er også ein verdi for strandsitjarmiljøet. Dette gjeld både det opne jordbrukslandskapet og landskapsforma som bukta representerer.

Nye utbyggingsområde, attgroing, nedlegging av hage- og jordbruksdrift kan på sikt endra dette landskapsbiletet. Utover kommunale tilskotsordningar er det ikkje verkemiddel til å styra ei slik utvikling.

4.7 Brannsikring

Det gamle trehusmiljøet i Solvorn har store utfordringar når det gjeld brannsikring. Dei gamle husa tilfredsstillar ikkje dagens krav til

brannsikring ut frå konstruksjon og nærheit mellom bygningane. Historiske trehusmiljø i Noreg har vore særskilt råka av dette i seinare tid, og det er eit nasjonalt mål at slike miljø skal sikrast betre mot brann.

4.8 Reguleringsplan - endring

Interesser og aktivitetar knytt til området har endra seg mykje etter oppstarten tidleg på 1990-talet. Kommunen registrerer auka saksmengd knytt til både oppgradering av bygningar, tiltak i strandsona, næringsverksemd, ålmenne friluftsiinteresser m.m. Utfordringane i dag er annleis enn for vel 20 år sia og det kan vera muligheter for nye løysingar.

Reguleringsplanen har stort fokus på kva som t.d. "ikkje må fjernast", medan det er mindre rammer for premisser for nye tiltak i området. Gjeldande reguleringsplan manglar også reglar knytt til bruk av fjordarealet. Dette inneber t.d. manglande heimel til å styra båttrafikken unna badestranda. Det bør med bakgrunn i dette vurderast å ta opp att reguleringsplanen.

4.9 Tilhøvet til verdsarvstaden Ornes stavkyrkje

Solvorn er "inngangsportalen" til verdsarven Ornes stavkyrkje. Dei fleste som vitjar stavkyrkja reiser fram og attende om Solvorn. I "Fagrapport for områdeforvaltning av Ornes" er Solvorn også definert innafor verdsarven si "bufferzone". Dette inneber m.a. at tiltak som har ein forventa visuell verknad og påverkar opplevinga av landskapet i bufferzona, skal vurderast særskilt. Generelt aukande fokus på verdsarven som reisemål kan også medføre aukande trafikk og større behov for parkering i Solvorn. Dette vil i så fall koma til å verta ei stor utfordring i åra framover.

På den andre sida ligg det muligheter i denne nærheita. At Solvorn sine kulturhistoriske verdiar i større grad vert sett i samanheng med Ornes stavkyrkje gjer også at fylke og stat må ta eit større ansvar for å sikra verdiane i eit langsiktig perspektiv.

4.10 Informasjon og fagleg rådgjeving

I reguleringsplanen sin planomtale vart det peika på at planen må fylgjast opp med ei stønadsordning for fagleg hjelp til huseigarane i byggesaker. Dette har ikkje vorte gjort, og manglande fagleg rettleiing frå kommunalt hald eller økonomisk støtte til fagleg rådgjeving, er kanskje den største utfordringa når det gjeld langsiktig ivaretaking av kulturminneverdiane i Solvorn. Små kommunar har vanlegvis ikkje slike fagressursar i sin administrasjon og er såleis avhengig av å få dette tilført på anna måte. Fylkeskommunen som regional kulturminnemyndigheit har heller ikkje tilstrekkeleg med ressursar til fagleg rettleiing i område som dette. Informasjon til huseigarane om kva reguleringsplanen inneber har heller ikkje vorte fylgd opp.

Samstundes må ein også peika på at den einskilde eigar har eit sjølvstendig ansvar i å setja seg inn i kva arealbestemmelsar som gjeld for eigne eigedomar.

Generell mangelfull fagkompetanse innan bygningsvern over heile landet er også ei utfordring som vernemyndigheitene i større grad må ta på alvor. I bevaringsområda her i landet er det mange som "pussar opp" og få som restaurerer. Tilgangen på rimelege byggevareprodukt er stor, og det er liten eller inga rådgjeving knytt til kva som vert gjort på den einskilde bygning innafor kategorien utbetring eller vedlikehald. Det vil difor vera viktig å støtta opp om rådgjeving og kompetanseheevande tiltak på restaureringsarbeid.

Ein måte å løysa desse utfordringane på er, slik Lærdal kommune har gjort når det gjeld Lærdalsøyri, m.a. ved å etablere eit Fagråd. Dette er ei rådgjevande gruppe med fagkompetanse innan arkitektur og bygningshandverk.

4.11 Økonomi og ansvar

Økonomi er ei utfordring for mange når det gjeld bygningsvern. Etter kvart er det kome ulike offentlege og private tilskotsordningar som omfattar både freda og verneverdige bygg. Dei mange muligheitene som ligg i ulike ordningar synest å vera lite nytta i Solvorn.

Generelt sett er det eigarar som har ansvar for vedlikehald av eigne bygningar. Gjennom ulike offentlege ordningar er det likevel ein aksept for at eigarar av verneverdige bygg skal kunna få kompensert ein del av meirkostnadene og det ansvaret det er å eiga slike bygningar. Seinast er dette påpeika i brev frå Riksantikvaren (25.11.2010). Her er det trekt fram det store ansvaret eigarar av verneverdige bygningar har og oppmoda kommunane om at slike eigedomar vert friteke for eigedomsskatt.

Strandsitjarmiljøet i Solvorn er prega av mange uthus av ulik kategori. Bruksverdien for mange av desse er i dag liten og dette gjev seg også utslag på vedlikehaldet. Fleire av bygningane i strandsona er no utsett for sterk slitasje. Dette er bygningar som utgjer stor verdi for det antikvariske miljøet. Det vil difor vera avgjerande å finna gode økonomiske løysingar som sikrar dette som ein sentral del av kulturmiljøet i Solvorn.

PLANDOKUMENT

KAP I: MÅLSETJINGAR

Planen har som mål å styrka:

- kunnskap om og stimulera interessa for (å ta vare på) dei mange verdiane i området
- heilårs busetjing i verneområdet
- fagleg rådgjeving og trekkja fram gode døme / løysingar på tiltak i området
- Solvorn som reisemål

KAP II: RETNINGSLINJER PRAKTISK BYGNINGSVERN

Fagrapporten skal vera retningsgjevande for kommunen si handsaming av saker/tiltak i området og arbeidet i fagutvalet.

Praktisk bygningsvern

- a. Det er mange ulike bygnings- og tiltakstypar i verneområdet. Kvant tiltak skal handsamast for seg ut frå sitt særpreg og si historie, og i høve til den samanhengen det har til det verneverdige miljøet.
- b. Ved all restaurering eller attendeføring skal det setjast opp ein gjennomføringsplan tufta på tilgjengeleg kunnskap om det aktuelle huset.
- c. Kommunen etablerer tilbod om fagleg rådgjeving og hjelp til planlegging og gjennomføring av tiltak for å motivera huseigarar til å finna gode løysingar.
- d. Alt arbeid (istandsetjing, restaurering, rehabilitering, attendeføring) må tuftast på kunnskap om opphavlege tilhøve, løysingar og utsjånad. Der dokumentasjon vantar kan informasjon frå samanliknande tiltak i Solvorn vera til god hjelp. Arkivstoff, gamle bilete m.m. kan nyttast som dokumentasjon i byggesaka.
- e. Ved istandsetjing er det viktig at originale bygningsdelar vert brukt om att så langt råd er, og utskiftingar må gjerast med material av høg kvalitet. Ved råte, mitangrep eller husbukk må det nyttast alved frå furu. Alle nye delar må vera så likt det opphavlege som mogeleg.
- f. Originale bygningsdetaljar som kledningsbord, listverk, vindaug og dørar som av ulike årsaker ikkje lenger kan brukast må takast vare på og/eller måltakast, fotograferast og beskrivast for å kunna nyttast som dokumentasjonsmateriale for seinare bruk.

KAP III: FAGRÅDET FOR SOLVORN

For å sikra dei kulturhistoriske interessene i området og gje huseigarane tilbod om fagleg hjelp i dette arbeidet, skal det opprettast eit Fagråd for Solvorn. Fagrådet sitt arbeid skal tuftast på høg bygningsantikvarisk kompetanse og god lokal forankring. Fagrådet skal vera eit uavhengig, rådgjevande organ som skal koma med faglege råd og innspel i samband med byggesaker og oppfylgjande planar i verneområdet. "Fagrapport Solvorn" skal vera retningsgjevande for fagrådet sitt arbeid. Fagrådet kan også få andre oppgåver knytt til vernet av området. Fagrådet skal ha tre medlemmer og skal administrativt vera underlagt Luster kommune – ansvarleg for kulturminne/ bygningsvern.

3.1 Mynde

Luster kommune har forvaltningsansvaret i Pbl-sakene innanfor planområdet. Fagrådet skal koma med faglege innspel, og Fagrådet sin arkitekt og handverkar skal vera rådgjevar i saker knytt til tiltaksgruppene A til H. Handverkaren skal vera rådgjevar i saker knytt til tiltaksgruppe A til H - Restaurering. Fagrådet møtest etter behov og alle medlemmene vert kalla inn. I tillegg vil dei einskilde medlemene arbeida med sine saker etter behov. Fagrådet er administrativt lagt til kommunen sin saksansvarleg på kulturminnevern, som og er sekretær for fagrådet.

3.2 Oppgåver

Luster kommune v/ ansvarleg for kulturminnevern skal henta inn råd frå Fagrådet i slike saker:

a. Rådgjeving

Fagrådet kan gje uttale til alle saker som skal handsamast i samsvar med kap III i forvaltningsplanen.

b. Tilskot og lån

Fagrådet skal gje råd om administrering av tilskotsordningane for området. Dette gjeld både tilskot til felles tiltak i området, og til einskilde bygningar. Sjå eigne retningslinjer for tildeling av tilskot kap 6.8.

c. Evaluering av området

Fagrådet skal gjennomføra ei årleg evaluering av området (årsmelding) i samarbeid med Luster kommune v/ ansvarleg for kulturminnevern. Ein skal då fyrst og frems vurdera om området vert forvalta i samsvar med forvaltningsplanen og om det er naudsynt med tiltak. Rapporten skal også innehalda framlegg til eventuelle vidare tiltak i området. Rapporten skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ kulturavdelinga og Riksantikvaren.

Forvaltningsplan for Solvorn

Tiltak som kan vera aktuelle å vurdere er:

Tiltak	Heimelsgrunnlag
Sperring av geiler, gangveggar	Rpl 7.2 og 9.8
Skilt og reklameplakatar	Rpl 9.5 PBL
Flytebrygger	Rpl 9.6
Bygningsarbeid	Rpl 9.9 og 9.10
Farge på bygningar	Rpl 9.10
Gjerde	Rpl
Landskapsinngrep (m.a. dominerande hekkar / plantar)	Rpl
Prydlister, utsmykking, rekkverk ol (omfattar t.d. markiser)	Rpl 9.9
Terrasser, uteplassar og liknande.	

d. Vurdering av gjennomførte tiltak

Fagrådet må gjera ei totalvurdering av tiltak i planområdet som er utført og ikkje omsøkt til Luster kommune. Dette er tiltak som ikkje er i samsvar med reguleringsplanen og/ eller PBL. Fagrådet skal gje ei vurdering til kommunen på kva tiltak som det bør setjast fram krav om retting.

3.3 Organisering

Fagrådet skal ha følgjande medlemmer:

- Eit medlem frå verneområdet
- Ein arkitekt
- Ein handverkar

Medlem frå verneområdet er oppnemnd av huseigarane*. Medlem frå verneområdet skal sikra god lokalkunnskap og vera bindeledd mellom rådet og huseigarar /brukarar. Handverkaren og arkitekten blir oppnemnd av Luster kommune / Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ kulturavdelinga. Arkitekten og handverkaren skal ha spesialkompetanse på område som oppmåling, dokumentasjon, rehabilitering, istandsetjing og vedlikehald etter bygningsantikvariske prinsipp. Av di ei god lokal forankring er ei viktig målsetjing for fagrådet sitt arbeid, bør arkitekten og handverkaren hentast frå regionen. Medlemeren vert oppnemnd for 4 år. Det vert oppnemnd to medlemmer anna kvart år. Arkitekten og handverkaren vert ikkje oppnemnd samtidig.

(* Medlem for verneområdet som skal vera rettshavar/huseigar innafor planområdet, vert oppnemnd av Solvorn bygdelaag. Dersom det vert skipa eit huseigarlag innafor verneområdet skal denne gruppa velja representanten.)

Årsplan, budsjett og årsmelding

Fagrådet skal i samarbeid med kommunen vera ansvarleg for kulturminnevern, utarbeida framlegg til årsplan og budsjett for eiga drift. Luster kommune si økonomiavdeling vil utføra dei forretningsmessige oppgåvene for fagrådet og føra rekneskap for fagrådet sitt arbeid. Fagrådet skal kvart år levera årsmelding for sitt arbeid.

Kap IV RETNINGSLINER FOR SAKSHANDSAMING AV TILTAK

Generelt

Planarbeid og byggesakshandsaming i Solvorn fylgjer i utgangspunktet Lov om planlegging og byggesakshandsaming (Plan- og bygningslova, PBL) og dei vanlege reglane for slik byggesakshandsaming i Luster kommune. For Solvorn er det gjennom reguleringsplanen utarbeidd utfyllande føresegner for byggesakshandsaminga for å sikra kulturmiljøet sine verneverdiar. Forvaltningsplanen har som mål at ein i større grad skal trekkja opp rammene for sakshandsaminga i medhald av reguleringsplanen.

For freda bygg gjeld Lov om kulturminne og føresegner for det freda anlegget.

4.1 Generelt for sakshandsaminga

- a. Kommunestyret:
Vedtek reguleringsplanar med føresegner etter plan- og bygningslova
Vedtek forvaltningsplan for planområdet.
- h. Plan- og forvaltningsstyret:
Handsamar søknadar om dispensasjon frå reguleringsplanen og/eller Pbl, samt byggesaker av prinsipiell betyding, og såkalla "ikkje kurante saker".
- i. Rådmannen har avgjerdsrett i byggesaker som ikkje skal handsamast av plan og forvaltningsstyret

4.2 Fagmyndigheit for kulturminnevernet

Sogn og Fjordane Fylkeskommune – Kulturavdelinga er regional forvaltningsmynde for kulturminnevernet (jfr Pbl §1-4) og eit naturleg samarbeidsorgan. Fylkeskommunen har rådgjevande mynde overfor Luster kommune (rpl §9.1) for alle tiltak kommunen handsamar i området. Det er Luster kommune si oppgåve og ansvar å henta inn uttale frå Fylkeskommunen i samband med sakshandsaminga. Frist for uttale er 4 veker. Dispensasjonssaker skal alltid sendast fylkeskommunen for uttale (jfr og Pbl §21-5). Fylkeskommunen skal ha kopi av alle vedtak Luster kommune gjer i verneområda.

4.3 Dispensasjonar

Byggearbeid / tiltak som ikkje er i samsvar med reguleringsplanen og/eller Pbl krev søknad om dispensasjon. Søknaden skal vera grunngjeven og visa til kva bestemmelsar det vert søkt dispensasjon frå. Etter søknad kan Luster kommune gje dispensasjon frå reguleringsplanen og/eller Pbl (jfr Pbl §19-2).

4.4 Inndeling av byggesakene (kalla "tiltak")

Dei ulike byggesakene er delt inn i grupper ut frå kor omfattande dei er:

A - Rehabilitering

Nyttast om ein bygning som vert sett kvalitetsmessig i stand, men som samstundes skal høva for ulike og til dels nye funksjonar. Til skilnad frå restaurering innebér rehabilitering som regel ei standardheving, ofte i samband med bruksendring. Det er ei utfordring å rehabilitera eit hus på ein slik måte at dei antikvariske kvalitetane på forsvarleg vis vert tekne vare på.

B - Restaurering

Vert vanlegvis nytta om større istandsetjingsoppgåver av bygg og konstruksjonar. So mykje som mogeleg av opphavleg material skal nyttast om att, og berre heilt

ubrukelege deler vert skifta ut med tilsvarende kopiar i same material og helst framstilt på same måten som originalen. All istandsetjing av verna bygningar skal utførast på denne måten.

Døme:

C - Attendeføring

Dette tyder at eit hus vert bygd om eller oppattreist og vert gjeven ein utsjånad det tidlegare har hatt i ei særskild tid. Døme: Oppattbygging av gamle sjøhus på bolverkskaiair jfr bildedokumentasjon.

D - Bruksendring av bygningar

Dette kan vera å ta i bruk uthus til opphald anten som bustad, opphald og/eller næring.

Døme: bruk av fjøs til soveplass / stove, utsalsstad osv,

E – Supplering gjennom nyskaping

Dette kan vera tilbygg til eksisterande bygg og samankopling mellom to bygg for m.a. å auka bustadarealet og betra funksjonaliteten. Det kan også vera mellombbygg mellom bustad og uthus for å nytta uthus til bustadfunksjon.

Døme:

F - Transportable / midlertidige innretningar

Transportable og /eller midlertidige innretningar som vert plassert på eigedom for lenger tid enn 2 månader krev løyve frå kommunen (Jfr Pbl §20-1, j).

Døme: campingvogner, mobile brakker, bubilar som vert nytta til overnatting/oppdald.

G - Istandsetjing

Tradisjonell istandsetjing har vore utført til alle tider. Ein slitt eller øydelagd del vert skifta ut med ein ny av same kvalitet, utsjånad og funksjon.

Døme: skifting av, kledning, taktekke, vindauge, listverk, rekkverk m.m.

H – Mindre nybygg

Alle nybygg i Solvorn er søknadspliktige og krev tiltaksløyve. Dette gjeld også bygg mindre enn 15m².

Døme: Vedbod, leikehus, carport, hagehus/lysthus, etc.

I - Utemiljø

Utemiljø omfattar fysiske installasjonar på bygning/ eigedom. Dette gjeld også vegetasjon som endrar landskapet sin art eller karakter og endring bekkeløp og ferdelsårer..

Døme: markiser, leveggar, gjerde, plattingar/terrassar, hekkar, vintergrøne plantar /bartre, flaggstong, antenner, grillhytter, skilt, større installasjonar m.m.

4.5 Tiltakshavar

Tiltakshavar er den som skal ha utført tiltak i området.

Dette er moa.:

- Private eigarar
- Offentleg verksemder (kommune, vegvesen, m.fl.)

4.6 Søknadsprosedyre

Søknadsprosedyre skildrar dei ulike fasane ved søknad om tiltaksløyve:

4.6.1 Kontakt med Luster kommune

Ved kontakt med kommunen skal ansvarleg søkjar/ tiltakshavar få informasjon om følgjande:

- Orientering om planar, reglar og ordningar for området med relevans for det aktuelle tiltaket.
- Krav til tiltakssøknad og dokumentasjon.
- Orientering om søknads og handsamingsprosess for det aktuelle tiltaket.
- Tilbod om førehandskonferanse
- Kva som er formålet med førehandskonferansen og kva informasjon som vert gitt.

4.6.2 Førehandskonferanse

Det skal gjevast tilbod om førehandskonferanse i alle byggesaker (tiltak) i området. Føremålet er ei gjensidig informasjonsutveksling mellom ansvarleg søkjar, tiltakshavar (huseigar) og kommunen.

Luster kommune v/ ansvarleg byggesakshandsamar kallar inn til førehandskonferansen. Førehandskonferansen skal avviklast innan to veker etter at ansvarleg søkjar/ tiltakshavar har teke kontakt med kommunen. Tiltakshavar skal på førehand gje kommunen dei opplysningane som er nødvendige for førebuinga av konferansen. Kommunen avgjer kva form opplysningane skal gjevast i.

På førehandskonferansen skal følgjande delta:

- Ansvarleg søkjar og tiltakshavar
- Luster kommune v/ byggesakshandsamar
- Luster kommune v/ ansvarleg for kulturminne

Luster kommune skal føra referat frå samtalen som skal signerast av baa partane.

I tillegg kan følgjande delta:

- Fagrådet v/ ein eller fleire representantar
- Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ kulturavdelinga
- Arkitekt
- Handverkar

I førehandskonferansen skal ansvarleg søkjar/tiltakshavar få informasjon om følgjande:

- Reguleringsplan for Solvorn
- Forvaltningsplan for Solvorn
- Plassering av tiltak i tiltaksgruppe
- Krav til byggesøknaden, innhald og krav om dokumentasjon
- Krav til arkitekten og den utførande
- Fagrådet for Solvorn
- Aktuelle tilskotsordningar for tiltaket
- Ferdigsynfaring

4.6.3 Søknad

Tiltak A- D: Dette er tiltak som krev søknad med ansvarsrett (*jfr Pbl §20-1*) og løyve frå Luster kommune, Alt arbeid skal prosjekterast/utførast av godkjent føretak med ansvarsrett.

Tiltak F- H: Dette er tiltak som krev søknad (*jfr Pbl §20-2,3*), og løyve frå Luster kommune, utan at det vert kravd ansvarsrett og tiltaket kan utførast av tiltakshavar.

4.6.4 Dokumentasjon av tiltaket

Dokumentasjon av bygningen slik han ser ut (eksisterande situasjon) og slik resultatet skal verta etter fagleg antikvarisk metode, kan krevjast. Dette kan vera:

- a. Tiltaksgruppe A – F: Målsette teikningar som syner utforming av tiltaket. Vanlegvis er dette situasjonsplan og plan-, snitt og fasadeteikningar, eventuelt også detaljteikningar. Gamle og nyare foto.
- b. Tiltaksgruppe G - I: Foto og ei god skriftleg skildring er vanlegvis tilstrekkeleg. Ved nokre tilfelle kan fagrådet vurdere om det er naudsynt å be om meir detaljert skildring.

Kommunen kan på visse vilkår dekkja utgifter til dokumentasjon.

4.6.5 Estetisk / antikvarisk utforming

Alle tiltak må utførast i samsvar med retningslinene for området. Søknaden må dokumentera korleis tiltaket følgjer desse retningslinjene.

4.6.6 Krav til bruk av arkitekt

Kommunen kan krevja bruk av arkitekt med særleg kompetanse på bygningsvern (Pbl § 20-1 andre ledd). Ansvarleg føretak for arkitektonisk utforming skal godkjennast av kommunen i kvar einskild sak (jf byggesaksforskr. § 9-1). Det vil verta stilt særlege krav til

kompetanse på kulturminne og kulturmiljø. Kommunen kan dekke inntil 10 timar gratis arkitekthjelp.

4.6.7 Krav til handverkar

Kommunen kan krevja bruk av føretak med handverkar som har særleg kompetanse på bygningsvern (Pbl § 20-1 andre ledd). Utførande føretak skal godkjennast av kommunen i kvar einskild sak (jf byggesaksforskr. § 9-1). Det kan verta stilt krav til føretaket sin bygningsantikvariske kompetanse i særskilde saker. Dersom føretaket ikkje har slik kompetanse, kan føretaket likevel utføra oppdraget dersom arbeidet blir kontrollert av uavhengig føretak med slik kompetanse. Slutførd og signert gjennomføringsplan skal danna grunnlaget for ferdigattest, jf. byggesaksforskr. §5-3.

4.6.8 Sakshandsamingsfristar Pbl §§ 21-7 og 21-8 og Byggesaksforskrifta kap.7.

Sakshandsamingsfrist gjeld frå den dato kommunen har motteke fullstendig byggesøknad i den aktuelle saka.

4.6.9 Klage på vedtak

Kommunen sine vedtak i byggesakene kan påklagast (jf Pbl §1-9).

4.6.10 Sluttkontroll (jf Pbl §21-10)

Slutførd og signert gjennomføringsplan (byggesaksforskrifta § 5-3) skal danna grunnlaget for ferdigattest (byggesaksforskrifta § 8-1). Ved søknad om mellombels bruksløyve skal gjennomføringsplanen visa attståande arbeid og kontroll, og tidsplan for ferdigstilling.

4.6.11 Ferdigsynfaring og kontroll

Når arbeida er utført, skal det alltid gjennomførast ei ferdigsynfaring.

Ferdigsynfaringa skal ha følgjande deltakarar:

- Ansvarleg søkjar/tiltakshavar
- Luster kommune v/ansvarleg for kulturminnevern
- Fagrådet v/ tømraaren eller arkitekten
- Rapport frå ferdigsynfaringa inngår som dokument ved søknad om utbetaling av kommunale tilskot i tiltaket.

4.6.12 Retting av tiltak

Tiltak innanfor planområdet som vert utført i strid med Pbl og / eller reguleringsplanen kan krevjast stogga og/eller retta i medhald av Pbl §32-3. Ved oppfølging av ulovlege forhold blir kap. 32 i Pbl lagt til grunn.

Reguleringsplanen for Solvorn inneheld uttømande opplisting av kva tiltak som er omfatta av planen.

KAP V: RETNINGSLINJER TRAFIKK OG FERDSEL

Det skal leggjast vekt på å sjå dei ulike vegnivåa i ein samanheng, slik at ein også oppnår ein viss grad av "separering" mellom biltrafikk og gåande.

Vegar

Fylkesveg

Ved evt utbetringar av den øvste del av FV (innafor planområdet) skal det leggjast vekt på at material og form vert oppretthalde (steinmur og stabbesteinar).

Kommunale vegar

Det bør leggjast vekt på å oppretthalda dei kommunale vegane i området som grusvegar.

Motorisert ferdsel på vegen gjennom badestranda kan berre nyttast i samband med landbruksdrift (jf reguleringsplanen).

Skuleveg

Skulevegar skal så langt som råd leggjast til det interne vegnettet (kommunale vegar).

Geiler

Geilene i Solvorn skal oppretthaldast i samsvar med kart nr ... i fagrapporten. Geilene skal skiltast med namn. Den juridiske retten er opparbeidd gjennom lang tids bruk og kan berre avviklast gjennom rettsleg avgjerd.

Geilene skal også oppretthaldast med sikte på brannførebyggjande tiltak. Dette med sikte på etablering av "brannsperrer" delområde, og tilkomst for brannmannskap og utstyr i ei eventuell brannutrykking.

Gang-/ turvegar

I kombinasjon med parkering i øvre delar av bygda må kommunale/private vegar også skiltast som tur-/gangveg. Dette er viktig for å kanalisera gåande bort frå hovudvegen.

Luster kommune kan påleggja fjerning av forbodsskilt og stengsel i område der allemannsretten gjeld

Parkering

For å betra trafikksituasjonen nede i Solvorn må det leggjast betre til rette for parkering lenger oppe i bygda. Dette kan løysast i fire fasar:

Forvaltningsplan for Solvorn

Fase 1

Innan sesongen 2011 må det koma på plass skiltinformasjon som rettleiar bilistar i korleis biloppstillinga på ferjekaien skal vera. Dette inneber at parkeringa bør så langt som råd vera i samsvar med gjeldande plan og den fysiske tilrettelegginga.

Fase 2

Opprusting av parkeringsplass på Galden med sikte på tilreisande som ynskjer å gå ned i bygda. Dette må fylgjast opp med skilting av tur- /gangvegar ned til kaien. Det må etablerast informasjonstavler for tilkomst til Solvorn – Ornes i båe køyreretningar på Fv 55.

KAP VI: OPPFYLGJANDE TILTAK I OMRÅDET

For å sikra kulturminneverdiane i Solvorn som ein ressurs vil det vera viktig med målretta arbeid i åra framover. Det må difor setjast av ressursar til å løysa desse oppgåvene. Sikring av kulturminneverdiane i Solvorn er også eit regionalt og nasjonalt ansvar. Luster kommune har ansvar for at oppgåver som skal løysast som fylgje av forvaltningsplanen, vert søkt finansiert også ved regionale og/eller nasjonale prosjektmidlar.

6.1 Informasjon

Med utgangspunkt i reguleringsplanen og forvaltningsplanen skal det utarbeidast eit informasjonshefte til alle rettshavarar i planområdet. Det bør også utarbeidast ein rettleiar for reparasjon, vedlikehald og bevaring av gamle trehus. Dokumenta skal liggja lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

6.2 Uthus og bygningsvern

Mange uthus i verneområdet er utsett for sterk slitasje. Arbeidet med restaurering og framtidig bruk av uthus i verneområdet skal prioriterast gjennom ein restaureringsplan. Uthus-prosjektet på Rørøs kan vera ein modell for korleis dette kan gjerast. For å auka bustadvolumet til strandsitjarhusa skal det leggjast vekt på å finna løysingar som der uthusa kan nyttast til bustadforemål. Uthusa skal utvendig ha sitt opphavlege preg som uthus.

6.3 Arkiv og dokumentasjon

Luster kommune skal i samband med restaureringsprosjekt syta for at det vert sett i gang eit arbeid med oppmåling og dokumentasjon for dei verneverdige bygningane, og at dette vert samla i eit lett tilgjengeleg arkiv.

6.4 Formidling og informasjon

Luster kommune syta for intern og ekstern formidling av informasjon om området.

6.5 Utemiljø

Det skal utarbeidast ein rettleiar i god byggjeskikk som set søkjelyset på dei gode løysingane og synleggjer korleis gamle bygningsdelar kan nyttast opp att (jfr rettleiar "Trehusbyen Risør – Reparasjon, vedlikehold og bevaring"). Rettleiaren skal m.a. gje råd om:

- Ljossetjing – leidningsnett
- Fargesetjing
- Inngjerding
- Utemøblering
- Plantar – vegetasjon
- Skilting

6.6 Landbruk og hagebruk

Det skal jfr Kommuneplanen sin arealdel utarbeidast ein stadanalyse for Solvorn for evt lokalisering av nye bustadfelt. Stadanalysen bør også omfatta ein analyse for viktige føresetnader som sikrar dei karakteristiske grønstrukturane gjennom oppretthalding av hagebruk/landbruksdrift i Solvorn.

6.7 Utviklingsoppgåver

Med utgangspunkt i Ornes og verdsarvstatusen bør det vurderast å etablera ein utviklingsorganisasjon i aksen Sørsida av Lustrafjorden – Ornes – Solvorn. I dette bør det også vurderast om ein slik organisasjon også skal omfatta utviklingsoppgåvene som ligg i tilknytning til naturvernområda og kulturminnevern generelt i kommunen (jfr sak om prosjekt Naturarven som verdiskapar).

6.8 Tilskot

Luster kommune skal etablera ei tilskotsordning for verneområdet som omfattar desse oppgåvene/tiltaka:

- I saker der det av faglege årsaker vert sett fram krav om bruk av arkitekt, kan kommunen dekkja inntil 10 timar arkitekt hjelp (tiltaksklasse A – H)
- Delvis dekking av kostnader til kjøp av linoljemaling når fargesetjing skjer i samsvar med fargeplan.

Luster kommune skal også kunna gje råd til private med søknader om finansiering for restaureringstiltak. Dette gjeld søknader til m.a.: Kulturminnefondet, Riksantikvaren, Fylkeskommunen og private fond. Uthus og spesielt sjøhusmiljøet skal prioriterast.

6.9 Reguleringsplan – endring

Arbeidet med forvaltningsplanen har avdekket at det trengst å gjerast endringar i gjeldande reguleringsplan. Med bakgrunn i samfunnsutvikling, nye behov og muligheter som oppstår er tida moden for å gjera endringar og tilføyningar i planen. Spesielt vil det vera aktuelt å vurdere og gje betre forskrifter for utemiljø. Endringar i planen bør også omfatta ei buffersone som m.a. tek opp trafikksituasjonen knytt til biloppstilling, framkomst for bussar og parkering.

- Bruksendring av uthusbygningar
- Friområde (badeområde) i sjø
- Båttrafikk i fjordbassenget
- Vegetasjon / beplanting i området
- Utvida "buffersone" – klarare reglar for tiltak i buffersona
- Gjenoppføring av sjøhus; vurdere oppattsetjing – rekonstruksjon av bygningar som er fjerna

6.10 Kommuneplanen sin arealdel

Lokalisering og omfang av småbåthamn i Solvorn med tilhøyrande konsekvensar skal handsamast gjennom rullering av kommuneplanen sin arealdel.

6.11 Brannsikring

I "Tiltaksplan for brannsikring i Solvorn" frå 2010 er det utarbeidd ein handlingsplan for brannsikringstiltak i Solvorn. Gjennomføringsfasen er sett til perioden 2013 – 2014 jfr økonomiplan 2011 - 2014. Det skal leggjast vekt på at omsynet til antikvariske verdier vert ivareteke. Brannsikringstiltak skal finansierast gjennom løyvingar frå kommunen, Riksantikvaren og private stiftingar.

6.12 Trafikkanalyse

For å møte utfordringane knytt til trafikk og parkering i området Galden – Solvorn – Ornes – Skjolden må det utarbeidast ein trafikkanalyse som skal gjera greie for framtidig trafikk-løysing. Analysen skal vera eit grunnlag for ein trafikkplan for området .

Trafikkanalysen bør m.a. omfatta:

- Scenario for ulik trafikkutvikling Galden - Solvorn – Ornes - Skjolden
- Trafikk – parkering i Solvorn
- Tilbringarteneste – vilkår og utfordringar Galden – Solvorn – Ornes
- Etablering av "Verdsarvbus" på strekninga Sogndal – Solvorn.

Sakshandsamingsprosedyre for gjennomføring av tiltak i Solvorn

	Søknad om løyve til tiltak Pbl § 20-1 og 20-2 Sakshandsamingsfrist 12 veker, kurante saker 3 veker jfr Pbl § 21-7		Tiltak etter Pbl § 20-2,3 Sakshandsamingsfrist 3 veker jfr Pbl § 21-7					
Tiltaksgruppe								
Søknads prosedyre	Rehabilitering A Restaurering B	Attendeføring C	Bruksendring D	Supplering nyskaping E	Transportable/ midlertidige innretningar. F	Istandsetjing G Mindre bygg H	Utemiljø I	Heimelsgrunnlag
Kontakt Luster kommune	Ja	ja	ja	Ja	ja	Ja	ja	
Førehandskonferanse	ja	ja	ja	ja	ja	Ja	Etter vurdering	Pbl § 21-1 Byggesak forskr. 6-1
Samtale med fagråd	ja	ja	ja	ja	Ja	Ja	Etter vurdering	
Søknad utan ansvarsrett						Ja/ Etter vurdering	Ja/ Etter vurdering	Pbl § 20-2 og 3
Søknad med ansvarsrett	Ja	ja	ja	ja	ja	Etter vurdering	Etter vurdering	Pbl §20-1
Dokumentasjon	Ja	ja	ja	ja	ja	Etter vurdering	Etter vurdering	Pbl og Rpl
Uttale Sogn og Fjordane Fylkeskommune	ja	ja	Etter vurdering		ja	Etter vurdering	Etter vurdering	Pbl § 21-5 Rpl
Krav om godkjenning og ansvar	ja	ja	ja	ja	ja	Etter vurdering	Etter vurdering	Pbl § 20-1 Byggesaks- forskr. Kap.9
Sluttkontroll og ferdigattest	ja	ja	ja	ja	ja	ja		Pbl § 21-10
Heimelsgrunnlag	Pbl § 20-1 Rpl §9	Pbl § 20-1 Rpl §9	Pbl § 20-1 d) Rpl §9	Pbl § 20-1,2 Rpl §9	Pbl § 20-1,2 Rpl §9	Pbl § 20-2,3 Rpl §9	Pbl § 20-2,3 Rpl §9	

Prosedyre i høve tiltak i gruppe A, B og C blir avgjort i forhold til grad og kvalitet på dokumentasjon i byggesaka.

Handlingsplan

Nr	Tiltak	Omtale	Prosjekteigar/ansv	Samarbeid med	Tidsramme	Kostnad	Finansiering
1	Etablering av fagråd		LK – kultur – høg prioritet	Sogn og Fjordane fylkeskommune	2011	150 000,- / år	LK 150 000,- / år
2	Informasjon – formidling a. Utarbeida rettleiar for huseigarar i området b.	Vektlegga informasjon til huseigarar med utgangspunkt i regulerings-/forvaltningsplan. /	LK-plan	Skilting/formidling: Solvorn Bygdelag	2011 - 2012	10 000,-	LK 10 000,-
3	Formidlingsplan	Guidehefte til besøkjande. informasjon	LK	Solvorn Bygdelag	2014	20 000,-	LK 10 000,- Andre 10 000,-
4	Uthusprosjekt – restaureringsplan	Plan for restaurering av uthus. Prioriteringsliste og vurdering av verneverdi. Ny bruk av uthusbygningar.	LK-plan – kultur Høg prioritet	Huseigar, fagråd	2011	200 000,- Søknad: Verdsarvmiddel	LK: 100 000,- Riksantikvaren 100 000,-
5	Brannsikring	Gjennomføring "Tiltaksplan for brannsikring"	LK	Huseigarar, Solvorn Bygdelag	2011 - 2014	3,1 mill kr	LK: RA, UNI: 2,4 mill ?
6	Skiltplan skilting/	Skiltplan for vegtrafikk Info-skilt Solvorn/Ornes v/ Fv 55 Skilting – gang-/turveg	LK		2011 Gjennomføring skilting innan 2012		
7	Trafikkanalyse	Analyse som vurderer ulike utviklingsretningar og løysingar for handtering av trafikken Solvorn – Ornes som del av forvaltningsarbeidet Urnes stavkyrkje. Skal gje grunnlag for ein trafikkplan	Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Luster kommune, Vegvesenet, Fortidsminneforeningen, MF Urnes,	2011	150 000,- verdsarvmiddel	LK 50 000,- RA 100 000,- Sf. Fyk 50 000,-

Vedlegg 3: Tilskotsordninger


8	Endring reguleringsplan	Vurdera m.a.: Bruk av / ferdsel i fjordbassenget Bruksendring av uthusbygningar Oppføring av historiske bygningar i stranda som er fjerna.	Luster kommune – plan	2013	
9	Utviklingsnettverk	Utviklingsorganisasjon knytt til verdensarven felles for Sørsida og Solvorn	LK	Vår 2011	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fortidsminneforeninga, Bygdelag, m.fl.
10	Utarbeiding av skjøtelsesplan kulturlandskap				

Vedlegg Tilskotsordninger

Offentlege og private tilskotsordningar som omfattar både freda og verneverdige bygg.

Tilskotsordningar	Søknadsfristar	Målgruppe
Riksantikvaren	15.12 til SFFK	Freda anlegg Verdsarvtiltak Brannsikring / beredskap
Kulturminnefondet	01.02. og 01.09.	Freda og verneverdige kulturminne
Luster kommune – kulturmidlar		Verneverdige bygg
Luster kommune – SMIL		Verneverdige bygg
Private stiftingar, fond m.m.	fortløpande	Freda og verneverdige bygg
Sogn og Fjordane fylkeskommune		Freda og verneverdige bygg

Vedlegg 4: Bygningar og vegar 2010



Figur 1 Solvorn - bygningar og vegar 2010

Vedlegg 5: Føresegner til reguleringsplan for Solvorn

Luster kommune

FØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR SOLVORN

Plankart dagsett 1.12.1993, rev.1.3.95, revidert den 15.10.99 sak 0072/99 i det faste utvalet for plansaker, og den 21.09.2000 sak 0053/00 i kommunestyret.

Plankartet dagsett 01.12.1993, rev. 31.05.1995 og august 2001.

Føremålet med reguleringsplanen er å verne landskapet og bygningsmiljøet i Solvorn.

§ 1

Føresegnene gjeld for det området som er merka av med reguleringsgrense på plankart i målestokk 1:1000 dagsett 01.12.1993, rev.12.05.1995 og i august 2001.

§ 2 Området er regulert til følgjande føremål:

BYGGEOMRÅDE	Bustader	BI - B5
	Service	SI
LANDBRUK	Landbruk	LI - L4
TRAFIKKOMRÅDE	Offentlege køyreveggar	VI - V5
	Gangveg/sti	GI - G2
	Parkering, manøvrering	PI - P3
FRIOMRÅDE	Badeplass	FI
SPESIALOMRÅDE	Bygnings- og landskapsvern sone	BLV I - BLV4.
	Landskapsvern	LVI - LV 2
	Kommunaltekniske anlegg.	KI - K2
	Frisiktsoner	

§ 3 Fellesføresegner.

Oppsetting av parabolantenner eller større antenneanlegg for radio eller anna telesamband innafor planområdet skal byggemeldast. Ved plassering skal det leggast avgjerande vekt på korleis anlegget vil virke inn på utsjånaden av den verneverdige busetnaden; med særleg vekt på fjernverknad frå sjøen. Alle leidningsstrekk skal gå i grunnen.

§ 4 Byggeområde - bustader B1-B2

- 4.1 Området omfattar eksisterande bustader aust for gamle skulen (BI), eit hus på haugen sør for Christianelyst (B2) og bustadhus vest for Walaker hotell (B3). Eksisterande busetnad med uthus er regulert inn i planen.
- 2.2 Områda kan fortettast med fleire bustader eller ved påbygg på eksisterande hus. Nye bustadhus skal ha 1 ½ etasjar og saltak. Andre takformer kan godkjennast dersom bygningsrådet finn at husa harmonerar med busetnaden elles i området. Nybygg skal ha takvinkel mellom 350 og 450. Glaserte takstein eller lysreflekterande takmateriale skal ikkje nyttast.
- 2.3 Utvendig kledning skal vere i tre. Vindaugssprossar skal vere gjennomgåande. Ved utskifting av vindauge i eksisterande bygg skal ein nytte kopiar av opphavleg type; evt, tilpassa moderne standard. Farga glas eller glas som vert farga grunna isolasjonseffekt, kan ikkje nyttast i området. Utvendig farge på bygg skal godkjennast av kommunen.
- 2.4 Innafor kvart område vert BYA sett til 22%. For kvar bustadeining skal det vere 2 parkeringsplassar. Fellesanlegg kan ha maks. 8 plassar.

§ 5 Byggeområde - kombinert føremål bustad / service. B4 / SI

- 5.1 Området omfattar tomta i krysset Gata - Vetlevegen. Området kan nyttast til oppføring av forretningsbygg for daglegvarer kombinert med bustad. Bustaddelen skal tilfredsstillast krava til og primært nyttast til heilårsbusetnad, men kan leigast ut til korttidsopphald.
- 5.2 Bygning på tomta skal ha 2 etasjar med gesimshøgde ikkje over 4 meter og mønehøgde ikkje over 8 meter.
- 5.3 Tillaten BYA er maks 35%. Tilstrekkeleg areal skal opparbeidast til privat uteopphaldsareal for bustaddelen. Det skal opparbeidast minimum 5 parkeringsplassar for kundar.
- 5.4 Ved utbygging på tomta skal det leggast avgjerande vekt på tilpassing av bygget til eksisterande busetnad langs Gata. I utvendige fasadar skal materialval og fasadeelement tilpassast omkringliggjande, opphavleg bygningsmiljø. Farge på utvendige bygningsdelar skal godkjennast av kommunen.

§6 Landbruksområde. LI - L4

- 6.1 Områda omfattar eksisterande fulldyrka landbruksområde søraust for tunet på Sjøtun (LI), delar av Vollaker store og vesle (L2), eit lite område sør for skulen (L3)¹ og eit areal ved renseanlegget sør for Christianelyst (L4). Områda skal nyttast til landbruk. Alle nybygg skal byggemeldast.
- 6.2 Nye landbruksbygg skal formmessig tilpasse seg den sveitsardominerte, eldre busetnaden på gardane, men ha enkel detaljering. Bygga skal ha saltak. Utvendig kledning skal vere i tre. Taktekkingsmateriale skal ha svart eller grå farge.

¹ Det faste utvalet for plansaker har i møte den 29.04.02, sak 48/04, gitt dispensasjon frå reguleringsplanen for fradeling av L1 til bustadtomt med vilkår om at §4 i reg. føresegnene skal gjelda ved bygging på tomta, og at ho skal innregulerast som ein del av B1 ved neste revisjon av plankartet

§ 7 Offentleg trafikkområde

- 7.1 **Køyreveggar.** Eksisterande køyreveggar (VI - V5) er regulerte inn i den breidda dei har i dag med 2 unntak: 1) I svingen nord for Sjøtun kan vegbana i VI utvidast inntil 2m ved flytting av muren på oppsida av vegen. Muren skal settast opp att med dei same steinane; med same visflate mot vegen. Muren og stabbesteinane på nedsida av vegen kan ikkje fjernast eller påsettast vegrekkverk-skinne. 2) V2 kan utvidast for å gje tilkomst med slambil til reinseanlegget K2. Vegutvidinga skal tilpassast ein minimumsstandard.
- 7.2 **Gangveggar (G1-G2).** Gangvegane omfattar eksisterande veg frå kaien mot badeplassen (G2) og det eksisterande nettverket av stier og vegar inne i strandsittarbusetnaden aust for Gata (G1). Gangvegnettet kan nyttast som tilkomstveg til eksisterande busetnad, naust og brygger der vegnettet er utbygd i god nok standard. Andre delar av gangvegnettet skal ikkje utbetrast til høgare standard enn som gangstiar. Stiar og gangveggar kan ikkje sperrast av ved oppsetting av gjerde, tilbygg på hus o.l.
- 7.3 **Parkerings- og manøvreringsareal (PI-P3).** I enden av fylkesvegen (VI) er regulert inn eit trafikkområde (PI) som skal dekke føremåla snuplass for buss, parkering og tilkomst til ferje. Busstrafikken skal kunne avviklast utan rygging. Området kan opparbeidast etter ein plan som er godkjend av kommunen.

Nord for Vetlagrov er regulert inn eit parkeringsområde (P2) Området kan ha tilkomst til Gata og Vetlevegen. I området kan det lagast parkeringsplass og førast opp garasjar for busetnaden på begge sider av Gata. Garasjar skal plasserast i vestre del av området og kan førast opp inntil 1 m frå nabogrense i vest og nord. Ved Gata (P3) er regulert inn parkeringsplass for inntil 8 bilar (P3). Plassen skal skjermast mot vest og sør med stakittgjerde eller hekk.

§ 8 Friområde - badeplass. FI

Området omfattar eksisterande badeplass, kjerreveg og nærområde til veg nord for Storekaien. Området er regulert til friområde i kombinasjon med spesialområde bygnings- og landskapsvern. Friområdet kan nyttast til badeplass.

§ 9 Spesialområde bygnings- og landskapsvern Sone 1 - 4

A) Felles føresegner.

- 9.1 Innafor spesialområda bygnings- og landskapsvern kan det ikkje utan særleg løyve frå bygningsstyresmaktene i samråd med kultursjefen og fylkeskultursjefen setjast i verk tiltak eller bruksendring som kan forandre landskapet sin art eller karakter. Dette gjeld alle former for bygging, anlegg eller utviding av vegar, parkeringsanlegg, stiar, oppsetting av gjerde, lys, reklameskilt, endring av markdekke, grøftings- og gravearbeid, bakkeplanering, bekkelukking, vegetasjonsrydding, uttak av masser, eller andre landskapsinngrep.
- 9.2 Alle eksisterande anlegg er i utgangspunktet verna. Før eit anlegg kan takast vekk skal det innhentast særleg løyve frå bygningsstyresmaktene. Som anlegg reknast alle bygg, alle eksisterande brygger, gjerde, steingardar, murar o 1. og alle spor etter tidlegare bruk av området som t.d. steinsettingar utover i sjøen, gamle båtopprekk, steinsetting i grøfter o.s.b. Opplistinga er ikkje fullstendig.
- 9.3 All overordna vegetasjon i form av større tre, hegn og hekkar mot grannegrense eller langs vegar skal stå. Vanleg skjøtsel kan gjennomførast; herunder nedkapping av hekk på stubb for forynging. Overordna vegetasjon kan berre fjernast etter løyve frå bygningsstyresmaktene.
- 9.4 Alle leidningsstrek i området skal gå i grunnen. I all utvendig lyssetting skal nyttast glødelamper. Gatelys skal ha eit heilskapleg preg. Det skal nyttast små armaturar, om mogleg montert direkte på husvegg.
- 9.5 Lysreklame kan ikkje monterast innafor områda. Skilt bør målast direkte på husvegg. Reklameplakater o.l. som skal henge meir enn 3 månader kan ikkje settast opp utan løyve frå kommunen. Alle skilt skal godkjennast av kommunen.
- 9.6 Strandlina har ein samanhengande form som ikkje skal brytast ved moderne flytebryggeanlegg. Utstikkande brygger kan byggast som kopi av gamle bolverkskaier, eller som mura steinkaier av naturstein med tilnærma vertikale sider. Kommunekaien (Vetlekaian) kan førast, opp igjen som kopi av det gamle anlegget.

B) Spesialområde bygnings- og landskapsvern sone I BLV I

- 9.7 Spesialområde bygnings- og landskapsvern sone I omfattar strandsittarbusetnaden i Solvorn. Sona omfattar forutan småhusområdet gjestgjevargarden gnr. 177 bnr. I, og Storekaian med bygning.
- 9.8 Bustadhusa kan få mindre tilbygg som er naudsynte for at dei skal kunne fylle krava til heilårsbustader. Tilbygg kan ikkje førast opp slik at dei sperrar gangvegnettet.
- 9.9 Ved opprusting av bustadhusa skal ein nytte same type utvendige materialar som husa var bygde med, og i størst mogleg grad nytte opp att gamle materialar.
- Vindauge skal vere sidehengsla, og sprosser skal vera gjennomgåande. Det kan ikkje nyttast vindauge som har farga glas eller som på anna måte står fram som ein farga flate. Ved utskifting av vindauge skal ein nytte kopiar av den opphavlege vindustypen eller av eldre, dokumentert type, sjølv om huset i seinare tid har hatt nyare, sprossefrie vindauge. Ved innvendig ombygging skal ein legge vekt på at tilhøvet mellom veggflate og vindaugsflate ikkje vert vesentleg endra.
- Husa skal ikkje utstyrast med prydlister eller utsmykking på rekkverk el. liknande dersom dette ikkje var ein del av huset siitt tidlegare dokumenterte uttrykk,
- Bustadhus bør ha takteking av enkeltkrum, uglasert pannestein eller av skifer.
- 9.10 Uthus, naust og sjøhus med fundament og brygger skal ved opprusting og reparasjon ha same materialbruk som opphavleg eller som tidlegare dokumentert. Utvendig kledning skal vere i tre. Uthustak skal tekkjast med skifer, pannestein, papp, torv eller bølgeblikk.
- 9.11 Farge på bustadhus skal vere kvit eller lys grå dersom ikkje annan eldre fargesetting kan dokumenterast. Uthus skal vere låveraude, okergule eller tjørefarga. Det skal nyttast heildekkande farger. Farge på bygg skal godkjennast av kommunen.

Forvaltningsplan for Solvorn

9.12 Alle bygningsmessige arbeid på Walaker hotell og galleriet skal utførast i samråd med antikvariske styresmakter. Uteanlegga er ein del av bygningsmiljøet. Tre og plantingar som skriv seg frå det opphavlege hageanlegget eller frå videreføring av dette kan ikkje fjernast utan i samråd med antikvariske styresmakter. Annekset (tidlegare motell) kan byggjast om og på, og kan få loftsetasje. Ved ombygging skal ein leggja vekt på tilpassing til det gamle hotellet og strandsitjarbusetnaden

9.13 Eksisterande kaianlegg (Storekaian) er ein del av sone 1. Kaianlegg kan få mindre utviding mot sør og nord.

9.14 Steinen Kjøttbogen skal vernast, og kan ikkje fjernast eller flyttast utan i samråd med fylkeskultursjefen. Anlegg eller skilt må ikkje plasserast slik at steinen ikkje vert synleg eller vert utsett for skade.

C) Spesialområde bygnings- og landskapsvern sone 2 BLV 2

9.15 Spesialområde bygnings- og landskapsvern sone 2 omfattar den gamle sorenskrivargarden Christianelyst og knausen sør for garden. Ingen tiltak på hus eller uteanlegg kan gjennomførast utan i samråd med antikvariske styresmakter. Hageanlegg og anlegg i strandsona skal sjåast som ein heilskap med huset, og skal vidareførast i samråd med antikvariske styresmakter. Tre og plantingar som skriv seg frå eldre hageanlegg skal vernast,

D) Spesialområde bygnings- og landskapsvern sone 3, BLV 3

9.16 Spesialområde bygnings- og landskapsvern sone 3 omfattar sveitserhusbusetnaden langs etter Vetlevegen

9.17 Innafor området ligg einskilde bustadhus som ikkje er bygde i sveitsarstil. Reglane om materialbruk og formgjeving gjeld ikkje for desse husa. Det kan likevel ikkje gjerast byggearbeid eller fargesetting på desse husa som vil endre heilskapspreget i området, til dømes ved påsetting av laus staffasje som srossar, pyntelister og utskåret rekkverk som etterlikning av sveitsarstilen, eller måling i fargar som ikkje harmonerer med sveitsarhusa.

9.18 Sveitserhusa skal så langt det er mogleg vidareførast i sin opphavlege stil. Husa kan ikkje byggast om slik at dei får ny utvendig hovudform. Ved reparasjonar skal det nyttast same materialar som opphavleg, og gamle materialar skal nyttast opp att i den grad det er mogleg. Vindauga skal vere kopiar av dei opphavlege, og vere sidehengsla. Det kan ikkje nyttast glas som gir inntrykk av farge i vindauga (energiglas). Farga glas (blyglas) kan nyttast der det har vore nytta tidlegare.

Ved utskifting av profilerte lister, rekkverk o.l. skal det nyttast kopiar av det opphavlege. Husa skal ikkje utstyrast med ny dekor der det ikkje har vore tidlegare. Tak skal tekkjast med uglasert pannestein eller skifer. Utvendig fargesetting av hus skal godkjennast av kommunen.

E) Spesialområde bygnings- og landskapsvern sone 4. BLV 4

9.19 Området omfattar området frå kaien til Neset. Området omfattar badeplass med eksisterande opphaldsareal, naust, turveg og landbruk. Badeplass og turveg er regulert i kombinasjon med reguleringsføreområdet.

9.20 Eksisterande naust og tobakshus er regulerte inn. Frå Neset og ca 200m vestover kan eksisterande naust og tobakshus supplerast med inntil 10 naust samt brygger og båtplasser. Området kan nyttast til småbåtplass. Naustklyngja mellom badeplassane kan utvidast med inntil 8 naust, samt bryggjer og båtplassar, innanfor området avsett til naustbygging på plankartet. Nausta skal byggjast i maksimum storleik på 4x6 meter grunnflate. Tomtene kan ikkje vera større enn brutto grunnflate på nausta. Nausta skal plasserast i grupper på minimum 2 og maksimum 4 naust. Avstanden mellom kvar gruppe skal vera minimum 1 meter. Naust som vert samanbygde i grupper skal utformast / byggjast slik at kvart naust står fram som eit bygg for seg. Nausta skal byggjast i tre. Alle bygg skal ha saltak, og naust i same gruppe skal ha tilnærma lik takvinkel. Tak skal tekkjast med skifer, tre, papp, torv eller bølgeblikk/ takplater. Farge på tak skal vera grå eller svart. Små fellesanlegg for bryggjer og båtplassar kan tillatast bygde på tradisjonelt vis som bolverk- eller steinkonstruksjonar. Slike anlegg skal byggemeldast.

Forvaltningsplan for Solvorn

9.21 Den gamle vegen skal ligge som ein turveg. Vegen kan nyttast til tilkomst til landbruksområda på Neset. Vegen kan ikkje utvidast eller utbetrast til høgare standard. Vegen kan ikkje nyttast til biltrafikk til evt., naust eller båt plassar eller for tømmerbilar. Vegetasjon langs vegen kan ikkje ryddast ut over fjerning av kratt

9.22 Neset kan nyttast til landbruksdrift som i dag. Steingardar, styvingstre o.l. skal takast vare på Bruksendring som gir endra landskapstrekk kan berre skje i samråd med bygningsstyresmaktane i kommunen

9.23 ³

9.24 Bestemmelsane i jordlova §§9 og 12 skal framleis gjelda for jord- og skogbruksareal i landskapsvernsone.

³ Bestemmelsen er flytta til §8.2 i føresegnene.

§ 10 Spesialområde - landskapsvern. LV I - 2

10.1 Spesialområde landskapsvern omfattar jorda på begge sider av tilkomstvegen til Solvorn. Området skal nyttast til landbrukskultur som opprettheld det opne landskapspreget, t.d. gras eller grønsakproduksjon, bær- eller frukthage. Areala kan ikkje nyttast til dyrking av barte i nokon form eller anna skogplanting som energiskog el. liknande.

10.2 Storagrov og Vetlagrov kan ikkje kanaliseras eller leggas i røyr. Elve-/bekkeløpa kan ikkje endrast. Kantvegetasjonen langs elva skal stå; berre skjøttast ved tynning og tilbakeskjering.

§11 Spesialområde - reinseanlegg og pumpestasjon for kloakk. K1-K2

11.1 Området omfattar areal for kloakkpumpestasjon ved Storagrov (K1) og areal for kloakkreinseanlegg ved "Habn" (K2). Områda skal nyttast til bygging av pumpestasjon og kloakkreinseanlegg med naudsynte anlegg i grunnen og tilhøyrande bygningar.

11.2 Bygningar for pumpestasjon og reinseanlegg skal førast opp i I etasje. Takvinkel skal ligge mellom 35° og 45°. Bygga skal ha ytterkledning i tre, og tekkjast med tegl, papp, tre eller skifer. Dørrar og vindauge skal vere i tre. Vindauge skal ha gjennomgåande sprosser. Bygga skal nøktern detaljering. Utvendige fargar (heildekkande) som kan nyttast er låveraud, okergul eller tjøre som for uthusa i strandsitjarområdet.

§ 12 Spesialområde - frisktsoner.

Områda omfattar siktsoner i krysset Vetlevegen - Gata. I siktsonene kan det ikkje etablerast vegetasjon eller settast opp gjerde el. likn. som er høgare enn 75cm over vegbana.

Vedlegg 6: Fagrapport: Forvaltningsplan for Solvorn

Fagrapporten er på 32 sider og inneheld både tekst og mange bilete. Fagrapporten ligg som eit eige vedlegg.